


ALVÆRSUND KAMMERKOR REGNSKAP 2015

Tekst	2015	2015	2014	2014	2013	2013
	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter
Konserter og andre arrangementer	-141 810,99	170 500,00	23 689,01		-150 340,00	211 170,00
Korturer	-5 580,00	19 600,00	14 020,00		-5 580,00	17 700,00
Gaver/tilskudd	-113 395,00	116 146,00	2 751,00		-11 460,00	64 650,00
Noter	-2 539,50	36 070,42	33 470,92		-1 253,90	29 292,00
Renter	-2 156,54		-2 156,54			
Diverse		235,26	235,26			
Totalt inntekter	-8 137,02	0,00	-8 137,02			
Overskudd	-273 679,05	342 551,68	68 872,63		-231 959,70	322 871,55
Sum	-342 551,68	342 551,68	0,00		-90 911,85	Overskudd
					-322 871,55	322 871,55

BEHOLDNING DISPONIBLE MIDLER	Debet	Kredit
BEHOLDNING PR. 01.01.2015		156 263,47
Omsetning	-273 679,05	342 551,68
DISPONIBEL SALDO PR. 31.12.2015	225 136,10	

Revidert:

Kasserer:	

	2015	2014	2013
Eiendeler	Eiendeler	Eiendeler	Eiendeler
INNSKUDD I BANK	-225 136,10	-156 263,47	-65 352,12
KORKRAKKER	0,00	-1 500,00	-1 500,00
NOTER	-20 000,00	-20 000,00	-20 000,00
KORANTREKK	-12 000,00	-13 500,00	-13 500,00
EGENKAPITAL	-257 136,10	-191 263,47	-100 352,12
Sum	-257 136,10	-191 263,47	-100 352,12

	2015	2014	2013
Eiendeler	Eiendeler	Eiendeler	Eiendeler
INNSKUDD I BANK	-225 136,10	-156 263,47	-65 352,12
KORKRAKKER	0,00	-1 500,00	-1 500,00
NOTER	-20 000,00	-20 000,00	-20 000,00
KORANTREKK	-12 000,00	-13 500,00	-13 500,00
EGENKAPITAL	-257 136,10	-191 263,47	-100 352,12
Sum	-257 136,10	-191 263,47	-100 352,12

Ref: 2 TFB4E

ÅRSMELDING 2015 FOR ALVERSUND KAMMERKOR

Styret 2015

Leiar: Torunn Nåmdal

Nestleiar: Arvid Sakseide

Kasserar: Helge Øgaard

Skrivar: Ragnhild Øverland Arnesen

Varamedlemer: Jacqueline Chesney og Lars Hjelmtveit

Dirigent Odd Leif Mjøs og begge vararepresentantane har møtt på styremøta.

Styremøte

Sidan siste årsmøte har det vore 10 vanlege styremøte, samt eit ekstra styremøte i juni. På desse møta har semesterplanar, aktivitetar, økonomi og revisjon av vedtekter vore sentrale tema.

Aktivitetar

2015 har vore eit særslig aktivt år med 25-års jubileumsfeiring for koret i tillegg til vanlege aktivitetar. Eit nyskapande arbeid i kyrkjelyden er "Salmesus" ved Odd Leif Mjøs, kvar tysdag kl. 18.00. Koret har ikkje frammøteplikt på Salmesus, men lagar til sosialt kaffitreff etterpå for frammøtt kyrkjelyd og kammerkormedlemer. Dette gode tiltaket kjem til å halde fram i vårsemesteret 2016. Av andre viktige nyskapinger kan nemnast at koret har fått laga heimeside (www.alversundkammerkor.no). Eit særslig godt arbeid her utført av Trygve Skanding og Ragnhild Ø. Arnesen. Også godt arbeid utført av Jacquie og Arvid då vi hadde bruk for stemmeøvingar ei tid i vårsemesteret.

Lindås Kulturråd blei stifta 13. april 2015 og Alversund kammerkor er medlem der. Den 6. juni hadde kammerkoret sagt ja til å vere verkskor for Vårtreff i regi

av Bjørgvin Kirkesang forbund. Det blei eit vellukka arrangement med 10 deltagande kor i Knarvik kyrkje.

Koret tok del i 50-årsdagen til Lars i mai, og 70-årsdagen til Arvid i august. Den siste var samstundes ein større konsert i Meland kyrkje i høve orgeljubileum.

I samband med 25-årsjubileet hadde koret takka ja til å vitje Preston, England, med felles konsert i Preston Minster i lag med heimekoret The Company of Voices. Turen blei ei fantastisk oppleving for oss i kammerkoret. I tillegg til konserten i Preston Minster tok koret også del i gudsteneste i kyrkja. På utflykt til Liverpool fekk koret høre engelsk Evensong i Liverpool Cathedral, ei stor musikalsk oppleving! Som siste post på programmet vitja koret The Lake District der vi reiste med båt på Windermere og hadde konsert i kyrkja i Ambleside.

Ein stor takk til Kim Lofthouse, dirigent for the Company of Voices, som inviterte oss og gjorde så mykje for at reisa til England blei så vellukka, og til Jacquie som var kontaktpersonen vår og sytte for at mange viktige detaljar kom på plass.

Komedlemer deltok på gudsteneste 30. august og 1. juledag, og på minnegudsteneste i Alversund den 1. november. Den 8. november song koret på orgelvigslig i Knarvik kyrkje og den 6. desember tok koret del i den tradisjonelle julekonserten i Alversund kyrkje.

25-års jubileet

Hausten 2015 blei særskilt aktiv, med planlegging av jubileumsfest den 17. oktober, og jubileumskonsert i Knarvik kyrkje. Det vart gjort eit stort forarbeid til jubileumsfesten med mange og dyktige komedlemer i ymse komitéar. Ei særskilt takk til alle som samla historisk materiale heilt frå koret vart stifta i 1990, og som laga flott utstilling og DVD med avisutklipp, bilete, film og lyd, til dei som skapte eit vakkert pynta festlokale, som hadde musikale og andre underhaldningsbidrag på festen og serverte nydeleg mat!

Den største opplevinga i jubileumsåret vart likevel framføringa av Händels Messias, for første gong framført i Knarvik kyrkje. Øvingane var i Knarvik kyrkje ein fredag i månaden i haustsemesteret. Dirigent Odd Leif Mjøs inviterte også songarar utanfor koret til å delta i Ensemble Messiah; eit kor på tilsaman 50 songarar, 15 erfarne og dyktige musikarar frå Harmonien, samt lokale musikarar. Saman med dei fire solistane, Louise Kemény, Mari Askvik, Johnny

Langridge og Thomas Røshol, blei konserten til ei musikalsk storhending i Nordhordlandsregionen. Hardt arbeid med korøving på seminarkveldar gjennom hausten ga resultat, og ein kan vel seie at dette var det musikalsk beste koret har gjort så langt. For koret var det første gong ein har invitert utanlandske solistar. Dei to solistane frå England, også stjerner i heimlandet, gjorde uutsletteleg inntrykk. Og dei kjem gjerne att, så her gjeld det å finne nye prosjekt! Men også dei norske solistane var i særklasse. Eit flott team! Hjarteleg takk til Odd Leif som fekk alt i gang og som førte det fram til stor suksess! Vi er så takksame, alle vi i kammerkoret som har nytt godt av hans musikalske talent og arbeid for koret, og for regionen.

Økonomi

Koret har god økonomi, godt ført av dyktige Helge Øgaard. Den store jubileumskonserten gjekk med overskot, trass i store kostnader. Vi har i tillegg motteke støtte frå Lindås kommune og frå Bjørgvin kirkesang forbund.

Revisjon av vedtekter

Styret har utarbeidd framlegg til nye vedtekter etter årsmøtet i 2015. Desse vil bli lagt fram til handsaming av årsmøtet i 2016. Ragnhild og Arvid gjorde eit framifrå arbeid med å gje vedtekten eit godt og klårt språk, samt å ordne alle punkta i høve til det som medlemmene kom fram til på sist årsmøte.

Knarvik, 7.2.16



Torunn Nåmdal

Leiar